


Kystvegen Ålesund – Bergen

Mangel på internt samband i kystregionen er det største hinderet for ei positiv utvikling i Sogn og Fjordane.

«UNNTAKSFYLKET» SOGN OG FJORDANE

Nesten alle kystkommunar i Sør-Norge har vekt i folketalet, med unntak av Sogn og Fjordane der 7 av 9 kystkommunar har nedgang i folketalet.



Utfordringa:

Lågt folketal gir lite statstilskot til bygging og vedlikehald av fylkesvegar. Store avstandar, krevjande topografi, dårleg vegstandard og mangelfullt utbyggt vegnett, betyr høge kostnader !

RESSURSRIK KYSTREGION

- **Olje og gass** (store oljefelt vest av SFj: Statfjord – Gullfaks – Snorre – Tordis – Vigdis - Viksund – Gjøa – Fram – Knarr m.fl)
- **Fiskeri og havbruk.** Måløy er størst i fiskeri – Flora har ei sterk næringsklynge i havbruk: Landets største fôrfabrikk, lakseslakteri, fleire eksportselskap, røykeri, fleire lokalt eigde oppdrettsselskap, IT utvikling, mm.
- **Maritim industri** (skipsbygging – rep. av skip og oljeriggar – demontering av offshore strukturer – service til skip og oljeverksemd)
- **Ingeniørtenester og IT**
- **Energi - vasskraft, vindkraft og bølgekraft**
- **Metallindustri:** Produksjon av silisium metall som blir brukt i datamaskiner og solceller
- **Transport – hamneverksemd – fosyningsbase - rederiverksemd.**
- **Stein og mineralindustri** (Uttak av «devonsk sandstein» i Dyrstad og Seljestokken – Rutil i Engebø, stein og pukkk fleire stader)
- **Opplevelser – turisme** Kysten av Sogn og Fjordane byr på mange natur og kulturopplevingar. Mangel på samband nord – sør er ei stor ulempe. Ein tur langs kysten mellom Ålesund og Bergen kan bli ei like fin oppleving som å køyre «Kystriksvegen» mellom Bodø og Steinkjær. Ikkje den raskaste vegen, men ei stor oppleving i eit fantastisk landskap. www.fjordkysten.no



Bulandet og Værlandet i Askvoll kommune (Alden i bakgrunnen)

FRAGMENTERT REGION

Aust-vest samband fungerer

Nord – sør samband svært mangelfulle

Uråd å skape store bu og arbeidsområde - svake næringsklynger

**Lite kontakt med nabokomm. (Florø – Måløy 38 km - 2 ½ t
Florø – Askvoll 30 km - 2 t !)**

Manglande tilførselsvegar til hamner. Spesialisering er uråd å få til.



RIKSVEG?

- Kystvegen går gjennom 3 fylke
- Kystvegen vil knyte saman industri og fiskeri-samfunn på kysten: Bergen - Knarvik - Mongstad - Sløvåg - Leirvik - Dale - Askvoll – Naustdal - Florø - Svelgen - Måløy - Selje - Fiskå - Fosnavåg - Ulsteinvik - Hareid - Sula - Ålesund.
- Kystvegen er tilførselsveg og koplar 4 stamnetts-hamner: Bergen/Mongstad – Florø – Måløy – Ålesund
- Kystvegen mellom Bergen og Ålesund vil ha same funksjon som E39 har sør for Bergen og nord for Ålesund
- Fylkeskommunen maktar ikkje å bygge ut eit tidsmessig hovudvegnett i Sogn og Fjordane

Merknader under Stortingsbehandling av NTP juni 2013 :

• **Komiteens flertall fra Frp, H og Kr F:** «Kystvegen mellom Bergen og Ålesund.... viktig forbindelsesveg på kysten av tre fylker på Vestlandet....særlig peke på 45-minuttsregionen»..

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at Høyre har tidligere foreslått å bidra med 200 mill. kroner i spleiselaget for 45-minuttsregionen. (Erna Solberg)


Komiteens medlemmer fra Frp og H
ber om at Kystvegen mellom Bergen og Ålesund får status som riksveg....viser til Frp og H forslag om å reversere forv.reformen...

GODE NABOAR

Like utanfor fylkesgrensa i nord og sør har Sogn og Fjordane to av dei mest dynamiske næringsmiljø i landet: Mongstad / Nordhordland i sør og Ulstein / Herøy (ytre Sunnmøre) i Nord.

E39 går utanom begge disse kraftsentra, til stor skade for næringslivet på kysten av Sogn og Fjordane.

Kystvegen Ålesund – Bergen vil gjere at Kystregionen i SFj ikkje lenger er isolert frå nabofylka.




KOMMUNEREFORM

God intern kommunikasjon er ein føresetnad for godt fungerande kommunar. Kystregionen er fragmentert og manglar infrastruktur for ein god struktur der småkommunar skal slåast saman og fungere i større einingar. Førdefjorden er eit effektivt stengsel midt i Sogn og Fjordane. Her er det verken bru eller ferje. Det er kort geografisk avstand mellom nabokommunane Florø og Askvoll, men vegen rundt er 12 mil. Avstanden mellom Florø og Måløy er kortare enn mellom Florø og Førde, men det tek 3 ganger så lang tid å køyre!

**KYSTVEG ER EIN FØRESETNAD FOR EIN RASJONELL
KOMMUNESTRUKTUR I YTRE DEL AV SOGN OG
FJORDANE**

Ferjefri kryssing av Sognefjorden i ytre er enklare, billigare og gir større nytte enn Lavik - Oppedal

1. Kortare avstand over fjorden – billigare bru. (3 km vs 3,7 km ved Lavik – Oppedal)
2. Skipslei gjennom Rutletangane og vegen i tunnel under. Ikkje behov for flytande høgbru. (A/Stab rapport s 13)
3. Tilførselsveg i låglandet gjennom ytre Gulen. Unngår det bratte og rasfarlege partiet gjennom Romarheimsdalen og indre Masfjorden
4. Kontakt med Mongstad og industrimiljøet i Nordhordland. Meir nytte for næringslivet enn E39 gjennom indre fjell og fjordstrøk
5. C2 alternativet frå Kyststamvegutgreiinga i 1991, syner ei løysing som også vil gi fastlandssamband for Solund.
6. Fylkeskommunen har bedt om at ei ytre kryssing av Sognefjorden blir utgreidd.



Forslag frå A/Stab – eit av fleire alternativ for kryssing av ytre Sognefjorden

«45 minutts Regionen» Måløy – Svelgen – Florø



Opprusting og innkorting av vegen Måløy – Svelgen – Florø.

- Koping av dei to kystbyane og industrisamfunnet Svelgen vil bli ein ny vekstregion i Sogn og Fjordane. Rovdefjordbrua i MR vil kople den mot Ulstein-Herøy og Ålesundsregionen.
- Kystvegen mellom Måløy og Florø blir også kortaste vegen mellom ytre Nordfjord og Førde.
- Kort samband til Flyplassen i Florø.
- 50% bompengefinansiering. Lovnad om 200 mill frå staten!
- Kostnad ca:

Bru over ytre Nordfjord	ca 2,5 mrd
Tunnel Svelgen – Indrehus	ca 700 mill
Indrehus – Florø via Terøy:	ca 1,5 – 2 mrd
- Fylkeskommunen har løyvd 2 mill til planlegging - Kommunane har etablert selskapet: Kystvegen Måløy – Florø AS for å planlegge og finansiere tiltaket.